

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 27.11.2003 **Tid:** 17.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev..

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 20, inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Magda Haugen

Frode Bjørnås

Thomas Moss, sak 50-51/03

I staden møtte:

Vidar Rolland

Andre som var tilstade på møtet: Administrasjonssjefen og Ass.adm.sjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 28. november 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Saklista vart godkjent med tilleggssak sak 59/03.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent med ein del merknader knytt til skrivefeil på namn på personar. Desse er retta opp.

UTVALET SITT KVARTER:

Ingen representantar meldte seg med spørsmål.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Neste kommunestyremøte er den 16.12.03 og startar kl 08.30.

Administrasjonssjefen orienterte om svarbrev, datert 29.10.03, frå fylkesmannen på lovligeitkontroll av val til personal og økonomiutvalet (formannskap) , sak 37/03 og 48/03.

Ordførar orienterte om at det er kome brev frå oppsitjarane på Ådland om at dei trekkjer tilbodet om å flytta Stolpane skulehus. Det kjem sak om Stolpane skulehus i neste kommunestyremøte.

Ordførar orienterte om dagsorden for møtet som og inkluderar informasjon om møtegodtgjerslereglement, eldreplan og psykiatriplan.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0050/03	03/00155 NY KONSESJON FOR REGULERING AV SAMNANGERVASSDRAGET. DISPONERING AV ETTERBETALING AV KONSESJONSKRAFT
0051/03	03/00088 BUDSJETTENDRINGAR 2003 ENDRA FINANSIERING AV PREMIEAVVIK PENSJON
0052/03	03/00457 OPPTAK AV HUSBANKMIDLAR TIL VIDARE UTLÅN - STARTLÅN 2004
0053/03	03/00460 UTSETJING MED BETALING AV AVDRAG
0054/03	03/00458 KOMMUNALE AVGIFTER 2004
0055/03	03/00326 VAL AV MEDDOMMARAR TIL MIDTHORDLAND HERADSRETT 2004-2008.
0056/03	03/00326 VAL AV LAGRETTEMEDLEMAR / MEDDOMMARAR I LAGMANNRETTE 2004-2008.
0057/03	03/00326 VAL AV JORDSKIFTEMEDDOMMARAR 2004-2008.
0058/03	03/00326 VAL AV SKJØNNMEDLEMAR 2004-2008.
0059/03	03/00493 VAL TIL AMU 2003 - 2007 - REPRESENTANT FOR ARBEIDSGJEVAR

0050/03

**NY KONSESJON FOR REGULERING AV SAMNANGERVASSDRAGET.
DISPONERING AV ETTERBETALING AV KONSESJONSKRAFT**

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjer følgjande disponering av etterbetaling av konsesjonsavgifta for tida 1993-02. Kr. 3.807.773 inkl. rente vert ført på knt. 1.1400.3250 konsesjonsavgift, og fordelt på følgjande konti:

Kr. 981.923,- vert ført som renteinntekt på knt.1.1400.3250.9000

Kr. 2.825.850,- vert avsett på næringsfondet knt. 1.1400.3250.8770.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune gjer følgjande disponering av etterbetaling av konsesjonsavgifta for tida 1993-02. Kr. 3.807.773 inkl. rente vert ført på knt. 1.1400.3250 konsesjonsavgift, og fordelt på følgjande konti:

Kr. 981.923,- vert ført som renteinntekt på knt.1.1400.3250.9000

Kr. 2.825.850,- vert avsett på næringsfondet knt. 1.1400.3250.8770.

0051/03

**BUDSJETTENDRINGAR 2003
ENDRA FINANSIERING AV PREMIEAVVIK PENSJON**

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune endrar finansieringa av premieavvik pensjon. Vedtak i kommunestyrevedtak sak 48/02 vert oppheva, og premieavviket vert betalt over 15 år.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune endrar finansieringa av premieavvik pensjon. Vedtak i kommunestyrevedtak sak 48/02 vert oppheva, og premieavviket vert betalt over 15 år.

0052/03

OPPTAK AV HUSBANKMIDLAR TIL VIDARE UTLÅN - STARTLÅN 2004

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune søker om kr. 2.000.000,- i opptak av Startlån til vidare utlån for 2004.

Handsaming i møte:

Thomas Moss kom til under handsaminga av saka.
Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune søker om kr. 2.000.000,- i opptak av Startlån til vidare utlån for 2004.

0053/03

UTSETJING MED BETALING AV AVDRAG**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune ber om utsetting med kr. 1.100.000 i avdrag hjå kommunekreditt og kr. 400.000 i kommunalbanken gjeldande for 2004 og 2005, og med kr 1.000.000 i avdrag hjå kommunekreditt i 2006 og 2007.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Samnanger kommune ber om utsetting med kr. 1.100.000 i avdrag hjå kommunekreditt og kr. 400.000 i kommunalbanken gjeldande for 2004 og 2005, og med kr 1.000.000 i avdrag hjå kommunekreditt i 2006 og 2007.

0054/03

KOMMUNALE AVGIFTER 2004**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Renovasjonsavgifta vert trekt frå saka i dag og lagt fram for kommunestyret den 16.12.03.
Brikt Olav Gåsdaal bad om gruppemøte.

Helge Reistad sette fram følgjande tillegg til framlegg av satsar for skulefritidsordninga:

”Opphaldstid pr. veke:

16t/veka kr. 940,- pr. mnd.

Dei andre satsane vert uendra.”

Olaug Øystese sette fram følgjande tillegg til Reistad sitt framlegg:”Den delen av satsen som gjeld 16t/veka gjeld midlertidig, og skal vurderast på nytt om eit år. Ein ber då administrasjonen sjå på følgjane av dette.”

Det var først røysta alternativt over framlegget til personal og økonomiutvalet (PØ) og Reistad sitt framlegg med tillegg frå Øystese. PØ sitt framlegg fekk 4 røyster. 16 røysta for Reistad og Øystese sitt framlegg, som vart vedteke.

Det vart til slutt røysta over framlegg til kommunale avgifter med dei vedtekne endringane.
Det vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunale avgiftene for 2004, dagsett 07.11.03 vert vedteken slik dei ligg føre med følgjande endringar:

Målegebyr etter lov om deleingsforretning av 23.06.78 med seinare endringar vert justert med gjennomsnittleg 5% stigning i høve til budsjett 2003. Grunngeving for dette er at det er stor avstand mellom utgifter og inntekter for denne tenesta.

Tillegg til satsar for skulefritidsordninga:

”Opphaldstid pr. veke:

16t/veka kr. 940,- pr. mnd.

Dei andre satsane vert uendra. Den delen av satsen som gjeld 16t/veka gjeld midlertidig, og skal vurderast på nytt om eit år. Ein ber då administrasjonen sjå på følgjene av dette.

0055/03

VAL AV MEDDOMMARAR TIL MIDTHORDLAND TINGRETT 2004-2008.

Handsaming i møte:

I møtet vart arbeidsutvalet sitt framlegg delt ut.

Arbeidsutvalet sitt framlegg vart supplert med framlegg på Terje Hoseth Næss.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune har valt følgjande meddommarar i Midthordland tingrett 2004-08

Menn

Eivind Tysseland
Dag Nydal
Bjarne Våge
Inge Aasgaard
Gunnar Bruvik
Arild Fanebust
Knut Arne Frøland
Arvid Gjerde
Svein J. Gjerde
Øyvind Haga
Håvard Heggernes
John Olav Hisdal
Kristian Jørgensen
Tor Rondestveit
Ove Sandvik
Ole Totland
Audun Ingvartsen
Harald Langeland
Geir Markhus
Arild Røen

Terje Olseth Næss

Kvinner

Gro Hadeland Røsseland
Annlaug Røen Hauge
Heidi Fossdal
Kjersti Erstad
Astrid Haugen
Mette Haugen
Oddveig Haugen
Olga Katla
Kirsten Dalane Kleivane
Margunn Lønnebakken
Anne Lise Moe
Solveig Tveit Nygård
Inger Odland
Jorunn Oldervoll
Inger Sevild
Karin Børdal Tveit
Marit Ragna Tysseland
Vesla Tysseland

Vibeke B Våge
Kari Øpstebø

Guro Berit Kolle Østvik

0056/03

**VAL AV LAGRETTEMEDLEMMER / MEDDOMMARAR I LAGMANNSRETTE
2004-2008.**

Handsaming i møte:

I møtet vart arbeidsutvalet sitt framlegg delt ut.
Arbeidsutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

**Samnanger kommune har valt følgjande lagrette medlemmer /meddommarar i
Lagmannsretten 2004-08:**

Arild Gjerde
Jørgen Jørgensen
Sture Tveit
Berit Hauge Aadland
Berit Hernes
Marit Lønnebakken

0057/03

VAL AV JORDSKIFTEMEDDOMMARAR 2004-2008.

Handsaming i møte:

I møtet vart arbeidsutvalet sitt framlegg delt ut.
Arbeidsutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune har valt følgjande jordskiftemeddommarar 2004-08:

Knut B Langeland	Ove Aasebø
Norvald Kulild	Øyvind Røen
Arne Frøland	Knut Arne Frøland
Kårstein Kleivane	Torleif Våge
Sture Tveit	Reidun Langeland
Halstein Utskot	Solvor Aadland
Ole Totland	Elfrid Blomdal
Jann Haugen	Audhild Olsnes
Magne Haugen	Anita Rødseth
Knut P Sævild	Anne Frøland
Torger Langeland	Martha Karin Nymark
John Bjarne Hisdal	Marit Tyssealand

0058/03

VAL AV SKJØNNSMEDLEMAR 2004-2008.

Handsaming i møte:

I møtet vart arbeidsutvalet sitt framlegg delt ut.
Arbeidsutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Samnanger kommune har valt følgjande Skjønnsmedlem 2004-08

Ivar Berland
Ove Sandvik
Björg Haukanes
Karin Høysæter Steinsland

0059/03

VAL TIL AMU 2003 - 2007 - REPRESENTANT FOR ARBEIDSGJEVAR

Framlegg til vedtak::

Fylgjande vil saman med administrasjonssjefen representera arbeidsgjevar i
ArbeidsMiljøUtvalet i perioden 2003 – 2007:
Ordførar med varaordførar som personleg varamedlem
Brigt Olav Gåsdal med personleg varamedlem Elin Dyrseth Liøen.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Fylgjande vil saman med administrasjonssjefen representera arbeidsgjevar i
ArbeidsMiljøUtvalet i perioden 2003 – 2007:
Ordførar med varaordførar som personleg varamedlem
Brigt Olav Gåsdal med personleg varamedlem Elin Dyrseth Liøen.